



NOREGS HØGSTERETT

Den 28. august 2014 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Indreberg og Bårdsen i

HR-2014-01715-U, (sak nr. 2014/1535), straffesak, anke over vedtak:

A

(advokat John Christian Elden)

mot

B

(advokat Laila Kjærevik)

sagt slik

O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld anke frå den tiltala over oppnemning av bistandsadvokat for ein annan i samband med ankesak for lagmannsretten.
- (2) Ved tiltalevedtak 26. mars 2014 frå Hordaland statsadvokatembete vart A tiltala for brot på straffelova § 233 første ledd. Grunnlaget i tiltalevedtaket lydde slik:

"Lørdag 21. september 2013 ca kl. 0300, i X, stakk han sin bror C, født 00.00.1986, i høyre skulder og brystet med kniv. Sistnevnte knivstikk gikk gjennom brystveggen, venstre lunges overlapp og tvers gjennom venstre hjertekammer, og C døde av blødninger."

- (3) Bergen tingrett sa 17. juni 2014 dom med slik slutning:
 1. **A, født 00.00.1989, dømmes for overtredelse av straffeloven § 233 første ledd til fengsel i 11 – elleve – år.**
Varetekts kommet til fradrag i straffen med 253 dager, beregnet frem til og med den 00.00.2014.
 2. **A, født 00.00.1989, dømmes til å betale oppreisningserstatning til D med kr 200.000 og til å betale erstatning for økonomisk tap på kr 39.370, som forfaller til betaling 2 – to – uker etter at dommen er forkynt.**
 3. **A, født 00.00.1989, frifinnes for krav om oppreisningserstatning fra B."**

- (4) Under behandlinga av saka i tingretten fekk B oppnemnd bistandsadvokat.
- (5) I tingrettsdommen er lagt til grunn ein hendingsgang der utvalet nøyer seg med å vise til nokre hovudpunkt som synest uomtvista. B og brørne C og A var i same leilegheita drapsnatta. B og C budde saman på eitt av romma, der dei oppheldt seg den aktuelle kvelden. A trua dei,

mellan anna med knivstikking, gjennom døra inn dit. C gjekk etter kvart ut av rommet. Han vart då angripen med kniv av A. C trekte seg attende til rommet sitt der B framleis var. B tilkalla så politiet, og det kom også ambulansepersonele til staden. Etter fånyttes forsøk på gjenoppliving vart C erklært død. B var til stades under gjenopplivingsforsøka.

- (6) A har anka domfellinga til lagmannsretten. B har kravd ny behandling av sivile krav. B sette 19. august 2014 fram kravsmål om å få oppnemnd bistandsadvokat for seg under ankesaka.
- (7) Gulatings lagmannsrett nemnde 21. august 2014 opp advokat Laila Kjærevik som bistandsadvokat for B med heimel i straffeprosesslova § 107 b, jf. § 107 a tredje ledd.
- (8) A har anka vedtaket om oppnemning til Högsterett. Det er gjort gjeldande at B ikkje har status som krenkt ("fornærmet") i saka slik tiltalen er utforma. Ho er å sjå på som "annen skadelidt" og som vitne. Straffeprosesslova § 107 a tredje ledd kan då ikkje gi heimel for oppnemning av bistandsadvokat.
- (9) B har kome med merknader til anken.
- (10) *Högsteretts ankeutval* viser til at det ikkje er tale om ein vidare anke. Kompetansen for utvalet er såleis ikkje avgrensa ved reglane i straffeprosesslova § 388.
- (11) Anken synest å rette seg både mot lovtolkinga og den konkrete rettsbruken.
- (12) Det er lagt til grunn i praksis at ein tiltala blir ramma av ei slik oppnemning slik at han har høve til å anke over den etter straffeprosesslova § 377, sjå Rt. 1997 side 1193 og Rt. 2004 side 521. I avgjerda i Rt. 1997 side 1193 la utvalet, under tilvising til straffeprosesslova § 377, til grunn at ein anke over oppnemning berre kan grunngivast med feil i lovtolkinga eller grovare saksbehandlingsfeil. Utvalet legg til at høvet til anke er eit anna der retten har nekta å nemne opp bistandsadvokat, jf. Rt. 2014 side 222 avsnitt 18.
- (13) Lagmannsretten nemnde opp bistandsadvokat med heimel i straffeprosesslova § 107 a tredje ledd. Føresegna er ikkje avgrensa til å gjelde "fornærmede" i straffeprosesslova § 9-a * § 93a. Tredje ledd kom inn i lova i 2008 og er meint å kunne gjelde for tilfelle som fell utanfor § 107 a første og andre ledd, men der det likevel er grunn til å nemne opp bistandsadvokat, jf. Ot.prp. nr. 11 (2007-2008) side 113.
- (14) Utvalet kan ikkje sjå at lova er tolka feil når lagmannsretten har lagt til grunn at B fell innanfor den personkrinsen som etter straffeprosesslova § 107 a tredje ledd kan få oppnemnd bistandsadvokat.
- (15) Anken blir etter dette å forkaste.
- (16) Orskurden er samrøyystes.

S L U T N I N G :

Anken blir forkasta.

Hilde Indreb erg
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Arnfinn Bård sen
(sign.)

Rettet 28. august 2014 i henhold til straffeprosessloven § 44.

Arnfinn Bård sen
(sign.)

Riktig utskrift: